

**Fra:** Arve Rødland <armarod112@gmail.com>  
**Sendt:** tirsdag 13. juni 2023 21:54  
**Til:** Postmottak Vaksdal  
**Emne:** Høyring Dale kollektivhaldeplass

Hei hei!

Etter eit møte i dag 13/6-2023 vil eg på vegne av dei som bur i Lauvgardsvegen 2 A / 2B Gbnr: 22/557, få koma med nokre synspunkt på Dale kollektiv haldeplass.

Alle var til stades på møtet og ville då presisere følgende ønsker:

1. Ved på/avstigning av elevar til Dale skule, så må dei først frå kantstopp/plattform og inn Dalseidvegen til skuleplassen. Ved Dalseidvegen (0 FO1) vert det etablert nytt fortau som dei kan nytta. Dette for og redusera "trafikken" av elevar framfor eksisterande bolig. Dette må kunna nyttast som fast rutine.
2. Ingen busser må parkere i området 0 FO2. I staden må ein ha enkle rutiner for av / påstigning av elevane. Maksimalt to busser samstundes, plassert i KH (som vist på teikninga). Dette for og hindre innsyn til dei som bur der.
3. Plassering av nytt leskur må så langt ned mot Dalseidvegen som mogleg.

Dei som var med på møtet var:

Anette Kvamme (ny eigar frå 1/6-20203)  
Eva Guldborg  
Andre Gjerstad  
Kjell Vidar Erdal

På vegne av eigarane i Lauvgardsvegen 2A/ 2B: Arve Rødland (tlf.97606564)

**Fra:** Solrun Hauglum  
**Sendt:** tirsdag 13. juni 2023 12:57  
**Til:** Postmottak Vaksdal  
**Kopi:** Knut Trefall  
**Emne:** Høyring Dale kollektivhaldeplass

Dei to kommunale råda Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne hadde saka oppe på felles møte 12.06.2023 og har følgjande uttale til høyringa: «I tillegg til haldeplass ved Dale skule, er det også trong for haldeplass ved Heradshuset. Haldeplassane må ha overbygt leskur (venteskur).»

Underteikna sender inn høyringssvar som sekretær for begge råda.

Venleg helsing

**Solrun Hauglum**

Kommunalsjef helse og meistring

Mobil: 488 80 358

[solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no](mailto:solrun.hauglum@vaksdal.kommune.no)



**VAKSDAL KOMMUNE**

## Merknad til:

### HØYRING DALE KOLLEKTIVHALDEPLOSS

I samband med forslag til **Detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass, planID 4628 – 2021002** vil eg kome med nokre innspel til tiltak i Lauvgardsvegen som ikkje er nemnde i forslaget til regulering.

Lauvgardsvegen er vorte ein ganske trafikkert veg og den vil også auke etter denne reguleringa om den vert gjort slik planen viser. Vi som bur i Lauvgardsvegen merkar og registerer at det er ingen nedgong i trafikk etter den nye skulen vart teken i bruk. Veggen er ikkje fullført med fortau fram til Dalseidvegen. Lauvgardsvegen har fortau på begge sider heile strekinga frå Ragnar Doggergata fram til krysset med Markvegen. No viser planen at det vil kome litt meir fortau på nordsida av veggen, mot skulen. Det er bra. På sørsida mangler fortau i utkøyring frå Markvegen (i gavlen av nr. 4) fram til innkøyring til parkeringsplass.

Manglande fortau med fotgjengar overgang mellom Markvegen og inngong/innkøyring til Dale skule er eit usikra vegkryss. Ingen skilting, ikkje merka fotgjengar overgang, ingen fartsdumper, ingen fartreduksjon (skilt).

Vi som er bebuarar i Lauvgardsvegen tilliks med dei i Markvegen 4 og 6, legg merke til **«nesten hendingar» til ulukker** når personar skal krysse Lauvgardsvegen, både når det gjeld fotgjengarar og syklistar, spesielt når det gjeld born/skuleelevar

Dette krysset Lauvgardsvegen – Markvegen er mykje trafikkert stor del av dagen og kveld. Ein kan liste opp nokre av plassane ulike forgjengarar kan ha:

- Skuleelevar til og frå skulen i skuletida. (friminuttar, til/frå Turbinen og turar til/frå)
- Biblioteket. Etter skuletid vaksne og born til ulike aktivitetar der.
- Symjehallen. Ikkje alle parkerer i Dalseidvegen. Mange parkerer andre plassar og krysser veg.
- Uteareal med ballplasser og andre leikeapparat. Trafikk til og frå av born og vaksne etter skuletid.
- Dalesalen der ulikt publikum ofte må krysse Lauvgardsvegen i samband med filmframsyning, konsertar, mange andre arrangement.
- Arrangement som Dale skule sjølv har for møter og treff/avtaler med elevar og foreldre.

Forslag til enkle og rimelege åtgjerder for å redusere risiki til ulykker og få ein tryggare trafikk i Lauvgardsvegen:

1. Lage fortau på sørsida av Lauvgardsvegen frå krysset mot Markvegen (langs gavl Markvegen 4)
2. I same kryss Markvegen/Lauvgardsvegen, lage fartsdumper i fotgjengarovergang, merka med striper og fotgjengarskilt.
3. Skilte Lauvgardsvegen med fartskilt maks. 30 km/t. (som det er gjort ved skulen på Stanghelle).

Dalekvam, 18.6.2023

Jan Cleveland

På vegne av bebuarane i Lauvgardsvegen 6, Dalekvam

**Fra:** msvars <msvars@online.no>  
**Sendt:** torsdag 4. mai 2023 15:29  
**Til:** Postmottak Vaksdal  
**Emne:** Høyering Dale kollektiv haldeplass  
**Vedlegg:** 20230501\_130413.jpg; Screenshot\_20230501\_110336\_Messenger.jpg

Hei, ser på planane for ny kollektiv terminal på Dale, dette ser bra ut, MEN dei ni langsgående parkeringsplassene som er planlagt i Dalseidvegen reagerer eg på. Hvorfor langsgående? Her er plass til både skråparkering og fortau. Det er her ett grusa parti som i dag står ubrukt mellom asfalt kant og gjerde, her må vel kunne legges fortau. Her er fullt med parkerte biler både til besøkende til badebaseng og Dalesalen, å det er mange dager i uka. Dette bør sees på for her trengs en del parkeringsplasser til skolebygget. Eg legger ved ett bilde

Mvh.Morten Svarstad

Sendt fra min Galaxy

VAKSDAL KOMMUNE  
Konsul Jepsensgata 16  
5722 DALEKVAM

**Vår dato:** 02.06.2023  
**Vår ref.:** 201840505-10 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 21/346 - 23/5465

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE si generelle tilbakemelding til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass - PlanID 4628-2021002 - Vaksdal kommune**

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 04.05.2023.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

### **NVE si generelle tilbakemelding**

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#) som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).



De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløyisingar.

### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

### **Mottakarar:**

VAKSDAL KOMMUNE

### **Kopimottakarar:**

STATSFORVALTAREN I VESTLAND



## Statens vegvesen

VAKSDAL KOMMUNE  
Konsul Jebsengata 16

5722 DALEKVAM

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Kurt Kåre Skagen / 57655796

Vår referanse:  
23/83792-2

Dykkar referanse:  
21/346 - 23/5465

Vår dato:  
23.06.2023

### Uttale ved offentlig ettersyn – Forslag til Detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass – planID 4628 – 2021002

Vi viser til brev datert 04.05.23.

Planen regulerer areal til ny kollektivhaldeplass i Dale. Kollektivhaldeplassen ligg langs kommunal veg med utkøyring til fv. 5400.

Vi er positive til etableringa av haldeplassen, og har ikkje merknader til planforslaget.

Transportforvaltning vest 1  
Med helsing

Torun Emma Torheim  
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim



VAKSDAL KOMMUNE  
Konsul Jepsensgata 16  
5722 DALEKVAM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale til offentlig ettersyn - Vaksdal - kollektivterminal på Dale - detaljregulering

Vi viser til brev frå kommunen datert 04.05.23. Saka gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass.

Statsforvaltaren har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Med helsing

Jan Vidar Voster  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



VAKSDAL KOMMUNE  
Konsul Jebsensgata 16  
5722 DALEKVAM

---

Dato	16.06.2023
Vår referanse	2023/60721-5
Dykkar referanse	21/346 - 23/5465
Sakshandsamar	Arvid Hauge
E-post	Arvid.Hauge@vlfk.no
Telefon	

## Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn for detaljregulering for Dale kollektivhaldeplass, planID 4628 2021002, Vaksdal kommune

Vi viser til brev datert 04.05.23 om høyring og offentleg ettersyn for detaljregulering for Dale kollektivhaldeplass, planID 4628-2021002, Vaksdal kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å leggje til rette for eit samla kollektivpunkt for skuletransport, regionale og kommunale bussruter, samt parkeringsplassar som kan nyttast til hente- og bringefunksjonar og besøkjande til skulen/symjehallen, for slik auka trafikktryggleiken. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til kollektivterminal.

### Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer meldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

#### Samferdsel

##### *Avdeling for infrastruktur og veg*

Planarbeid for «Detaljregulering for Dale kollektivhaldeplass», omfattar ikkje fylkesvegen, men avkøyring vert frå fylkesveg 5400. Vegen har i dag ein ÅDT på 1200. Endring i køyremønster til/frå planlagt kollektivhaldeplass kan medføre at ein må gjere tiltak i kryssområde frå fylkesveg 5400.

Avdeling for infrastruktur og veg (INV) har likevel ikkje nokon merknader til planen.

##### *Avdeling for mobilitet og kollektiv (MOK)*

Opphavelag plan som la opp til kollektivløysing i Dalseidvegen har vist seg å vere for kostbar å realisere. I dialog med Skyss har ein valt nytt køyremønster, samt å flytte av/på- stigning for dei kollektivreisande til Lauvgardsvegen, ved inngangen til skuleplassen.

Det vert etablert universelt utforma kanstopp langs regulert haldeplass med plass til ein buss. Det ordinære rutetilbodet vert betent herifrå. Avviklinga av skuleskyssen krev eit større areal, og av/på- stigning vil skje langs fortauet bak busshaldeplassen. Vegbreidde og den korte tida skulebussane vil stå langs vegen tilseier at dette er ein akseptabel løysing.

Avdeling for Mobilitet og Kollektiv vil likevel oppmode om at løysinga vert synleggjort, anten med skilt eller vegoppmerking, for å hindre konfliktsituasjonar med andre køyretøy.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>.

**Oppsummering**

Vestland fylkeskommune har tidlegare gitt fråsegn i saka, dagsett 29.04.21, og har ut over merknader frå avdeling for infrastruktur og veg (INV) og avdeling for mobilitet og kollektiv (MOK) ikkje vesentlege merknader til saken slik den framstår no. Det er positivt at ein ynskjer å auka trafikktryggleiken og leggje til rette for tryggare tilhøve for kollektivferdsle.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale planema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
Fagansvarleg  
NPI – Plan, klima og analyse

Arvid Hauge  
rådgjevar  
NPI - Plan, klima og analyse

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Sakshandsamarar:**

Arvid Hauge, avdeling for NPI – næring, plan og innovasjon  
Peter Forras, Jostein Aksdal, avdeling for KII – kulturarv  
Gunnhild Raddum, avdeling for MOK - mobilitet og kollektiv  
Hans Sveindal Rosfjord, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing

**Kopi til:**

Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus - Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER

Vaksdal kommune  
Konsul Jepsensgata 16  
5722 DALEKVAM

**Dato:** 01.06.2023  
**Saksref:** 202307842-2  
**Dykkar ref.:** 21/346 - 23/5465  
**Side:** 1 / 1

**Førespurnad til:** Ole Magne Kjellevoid  
**Telefon:**  
**Mobil:** +4791666106  
**E-post:** Ole.Magne.Kjellevoid@banenor.no

### **Vaksdal kommune - Høyring og offentleg ettersyn – forslag til Detaljreguleringsplan for Dale kollektivhaldeplass. Bane NORs uttale.**

Viser til motteke brev datert 4.5.2023.

#### **Bane NOR som jernbanemyndigheit meiner:**

Rammebetingelsene for jernbanen er i endring, og det kan derfor vere vanskelig å forutsjå kva slags behov som kan oppstå. Bane NOR er derfor oppteken av å sikre moglegheitene for utvidelser seinere.

Planen som no er på høyring er eit forslag til ny kollektivløysing som enklare lar seg realisere. Plan 1251-2018002 vert oppheva ved vedtak av dette planframlegget.

I vedteken plan frå 2019 vart Bane Nor sin eigedom råka, men er no teke ut av planen i nytt forslag.

Vi gjer merksam på at det må søkast om tillatelse etter jernbaneloven § 10 for tiltak 30 meter eller nærare frå næraste spors midtlinje. Dersom det er spørsmål ta kontakt med vår sakshandsamer.

Med helsing

Åsne Fyhri  
ass sjef Planforvaltning  
Bane, Drift og teknologi

Ole-Magne Kjellevoid  
arealplanlegger

Dokumentet er godkjend elektronisk og sendas utan signatur